



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Alver - (Meland) - 357/8 - Sætre – vedlikehald av fundament til naust - etablering av støttemur og båtslipp med utstikkar – dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.05.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen og byggegrense mot sjø for vedlikehald av fundament til eksisterande naust, oppføring av støttemur og båtslipp med utstikkar.

Utval for drift og Utvikling i tidlegare Meland kommune gav i møte den 26.11.2019 dispensasjon for båtopptrekket, men avslag på dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter og området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket skulle det ikkje gjerast noko med.

Delar av vedtaket vart påklaga av tiltakshavar i skriv, datert 09.12.2019. Klagen gjaldt avslaget på dispensasjon for dei to utstikkarane og området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune tok i vedtak datert 05.02.2020, i sak 012/20, klagen til følge.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 06.03.2020.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.04.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 05.02.2020 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

I skriv datert 09.03.2020 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.



Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenter direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG
Ørjan Tveit	Elsters Gate 3	5059	BERGEN